Kyrkjetunet Ølen			**Kunngjeringar: www.kyrkjetunet.no/kalender**
3.sept.	torsdag	11.00	Torsdagstreff: Songar frå kulturarven v/ Astrid Trå Sørheim
			Søndagsmøte: Vi har møter ca. ein til to søndagar i månaden kl. 19.30. Då får vi besøk av talarar frå ulike misjonsorganisasjonar. Sjå web-kalenderen Bønemøte: tysdagar kl. 19.00
Vågen bedehus			**Sjå informasjon på: www.Vaagenbedehus.no**
Øvre Vats bedehus			
18.-20. august		19.00	Møte: Lys over land
17. sept.	torsdag	18.00	Bedehusbasar
Arken bedehus			**Sjå informasjon på: www.arken.no**
5.-7. juni	laurd.-sønd.		Møtehelg med Tom Roger Edvardsen
16. juni	tysdag	19.30	Bibelundervisning
5. juli	søndag	19.00	Når me kjem saman
2. august	søndag	19.00	Når me kjem saman
26. august	onsdag	19.00	Møte med NMS
6. sept.	søndag	19.00	Når me kjem saman
8.-13. sept.			Isvik / Arken: Møteveke DISM
Vikebygd bedehus			**Sjå og plakatar og Facebook-sida**
3.juni	onsdag	19.00	Mat og prat. Kveldsmatbuffé / Kveldsord
17.juni	onsdag	19.30	Sommarsong v/ Sigrid Matilde og Arne
26. august	onsdag		Oppstart for hausten, samvær
9.sept.	onsdag	19.30	Møte m/ IMS v/Olav Eikemo
23.sept.	onsdag	19.30	Møte med EOM v/ BE-gjengen og Ivan Vik
Innbjoa bedehus			
08.juni	måndag	18.30	Bønnemøte
15.juni	måndag	18.30	Sosial samling
Imsland bedehus			
23.juli	Torsdag	18.00	Basar
Øvre Vats bedehus			**Sjå og plakatar og Facebook-sida**
1. sept.	tysdag	11.00	Føremiddagstreff
2. sept.	onsdag	19.00	Møte NLM
23. sept.	onsdag	19.00	Møte Bedehusmisjonen

Leirar og samlingar sommaren 2026

Fylgjande leirar og samlingar vil finna stad på leirplassane våre denne sommaren:

Brandøy Misjons- og Konferansesenter, Bjoa:

19.–21. juni; IMS Sommartreff (Sjå eigen plakat her)
23.–25. juni; Sommarleir 2.–4. klasse
26.–28. juni; Sommarleir 5.–7. klasse
01.–05. juli; Familieleir
07.–09. sept. «Påfyll» - Haustdagar for kvinner

Lundeneset vgs, Ølensvåg:

05.–09. august Leir for «Vi over 60»
Ta kontakt med leirplassane for meir informasjon og påmelding.

Stemne på Vikestølen

Søndag 28. juni Hovudmøtet kl. 12:00.
Ettermiddagsmøte kl. 14:00
Talar vert Knut Ottar Kringeland som har bak seg eit yrkesliv som lærar og gardbrukar i Tysvær og ansvarleg for leirskular på Repparfjord leirstad og misjonssenter (Finnmark Indremisjon). Mange kjenner han også som ein trufast deltakar på Vikestølsmøta. Det blir ei felles matøkt mellom møta, så ta med deg niste. Gode turvegar frå Vikebygd (1,5 time) eller frå Eikås på Bjoa (ca. 45 minutt). Det blir også mykje song og musikk i møta. Alle er hjarteleg velkomne.

Misjonsbasar NMS på Ilsvåg bedehus

25. juli kl. 19.00
Tale, mat og utlodding.
Alle velkommen

Fleire ledige stillingar

Både kyrkjetenarar og kateket/ kyrkjelydspedagog. Me treng fleire medarbeidarar! For meir info, sjå heimesida, eller ta kontakt med:
Grethe Halvorsen, Kyrkjeverja i Vindafjord.
Tlf. 91629595, gh772@kyrkja.no

Dugnad ved Vats Kyrkje

Tekst og foto: Kjell Sigmund Bakke

Dugnad av frivillige kvinner og menn for å gjera det fint rundt kyrkjene er ein fast tradisjon i alle bygder om våren. Dei gjer ein kjempeflott og viktig innsats.

Den 20. april var den årlege dugnaden for å løfta opp og pynta på Vats kyrkje før konfirmasjonen og nasjonaldagen den 17. mai. I år, var det sett stort fokus på å få gjort noko med kyrkja sitt uteareal ved parkeringsplassen. Denne samlingsplassen var blitt overgrodd og det trengtest ei rehabilitering. Ein heil hær av mannfolk møte opp for å hjelpa til. Både gravemaskin og traktor, singel og nødvendige materialar var samla saman for å få gjort denne store løpet av denne ettermiddag.

Det gamle overdekket vart fjerna området planert sette i gong med både duk og ter, før singelen oppå. Det blei iherdig innsats gjengen for å få singelen lagt ut og ferdig planert før kveldssola forsvann. Det har ikkje vore så hard jobbing på kyrkjegarden sidan oppussinga før 150-årsjubiléet i 2005.

Både maskiner og dugnadsfolk stilte opp ved Vats kyrkje denne dagen.

Ein kjempejobb blei utført av heile dugnadsgjengen og resultatet blei kjempefint. Det nye dekket vil halda seg i ganske mange år framover.

FRÅ KYRKJEBOKA

BJOA

Gravlagt:
30.01.26 Bjørn Bakke f. 1967
13.02.26 Lillian Gundersen f. 1945
27.02.26 Jorun Gjerde f. 1944

ØLEN

Døypte:
01.02.26 Oskar Arnestad Østbø
01.02.26 Ine Mosdal
29.03.26 Magnus Hiksdal Laurhammer
19.04.26 Helene Kolås Johansen
22.04.26 Dhaentawan Dhaen Heikkinen
Gravlagt:
20.02.26 Petter Lorents Søndenå f. 1961
27.02.26 Gunbjørg Brekke Vaka f. 1941
27.02.26 Gunnar Vaka f. 1941

IMSLAND

Døypte:
15.02.26 Henrik Imsland Haugen

SANDEID

Døypte:
22.02.26 Astrid Ramsfjell Mjølhus
07.03.26 Iris Stople Halleraker
22.03.26 Tollev Skipevåg
22.03.26 Sofia Ramsfjell
19.04.26 Hedvig Rørheim
Gravlagt:
13.02.26 Olav Bjelland f. 1934
20.02.26 Elise Gunnbjørg Helgevold f. 1936
27.03.26 Johan Herlof Skeie f. 1945
Vigde:
22.02.26 Martina Ramsfjell Mjølhus og Øyvind Mjølhus

VIKEDAL

Gravlagt:
21.11.25 Reidun Hedetoft f. 1926
05.12.25 Torbjørg Rørtveit f. 1948

SKJOLD

Døypte:
18.01.26 Guro Tronstad Holgersen
18.01.26 Astrid Aasbøe
15.03.26 Reidun Haraldseid
05.04.26 Filip Vestre Hansen
05.04.26 Aksel Dagsland
Gravlagt:
06.02.26 Odd Harald Skjold f.1943
10.02.26 Magnhild Skjervheim f.1939
17.02.26 Magny Koltveit f. 1933
24.02.26 Berit Gurine Risa f. 1942
03.03.26 Sonja Frøyland f. 1930
06.03.26 Kari Dagsland f. 1929
10.04.26 Geir Olav Frøyland f. 1955
14.04.26 Kristoffer Ragnvald Skjold f. 1930
Vigde:
14.02.26 Åse Klokkeide og Kent Robert Henriksen
14.02.26 May Britt Eikeskog og Knut Andre Myge
14.02.26 Ruth Malin Ingrid Strand og Knut Norheim
14.02.26 Christina Waage Gamboa og Joachim Andres Gamboa
14.02.26 Kristina Skipevåg Andreassen og Jarl Andre Holten Leifsen

VATS

Døypte:
15.03.26 Eirin Skare
26.04.26 Olava Rullestad Tjeltveit
26.04.26 Live Myhre Vestrheim
26.04.26 Rebekka Stokkedal-Strand
Gravlagt:
23.01.26 Sverre f. 1931
24.02.26 Aud Hafstad f. 1930
13.03.26 Solfrid Grunnaleite f. 1958
20.03.26 Karl Nordtveit f. 1942
20.03.26 Gunnhild Sigrunn Stokkevåg f. 1939
10.04.26 Aud Karin Ohm f. 1940
21.04.26 Einar Noralf Bakke f. 1955

VIKEBYGD

Døypt:
01.02.26 Sakarias Elijah Kvamme Bratthammer
Gravlagt:
10.03.26 Sverre Kornelius Veastad f. 1934

GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg

Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 Sør-Norge

Haugesund Sparebank

Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

• Gravferd • Gravstein

• Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379

olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

tsrevisjon

Karmsundsgata 4 – 4250 Kopervik

Økonomisk stønad til kristent ungdomsarbeid

Av Trond Ove Alvseike

Feedback-stiftinga har nå delt ut midlar til 13 ulike grupper og lag.

«Feedback – huset» i Eiodalen i Ølen har i mange år drive aktivt og godt kristent ungdomsarbeid. Ungdomar frå bygdene rundt i distriktet hadde faste samlingar på «Huset» kvar veke året gjennom. Her var korøvingar for Tensing – koret, og mange ulike hobbyaktivitetar. Samlingane var populære, og mange vil nok sjå tilbake på gode minner frå Feedback – tida i Ølen.

Etter kvart blei dei ulike aktivitetane flytta lenger «utover» i kommunen; til Vats og Skjold, og «huset» i Ølen blei meir eller mindre ståande tomt. I 2025 vedtok «Stiftinga Huset», som stod som eigar av eigedomen, at bygningen skulle seljast.

Dette gav Stiftinga ein betydeleg pengesum, som då blei sett inn på eit fond. Stiftinga vedtok at den årlege avkastninga skal nyttast som økonomisk bidrag og gåve til pågåande kristent ungdomsarbeid i «Feedback-distriktet».

Det siste halvåret i 2025 gav ei total avkastninga på omlag 60.000 kroner.

Etter søknad frå ulike ungdomsgrupper, blei det tildelt midlar til 13 ulike grupper og lag; barnekor, ungdomsklubbar, speidargrupper osv. Beløpet dei ulike laga fekk tildelt varierte frå 2000 kroner til 10.000 kroner. Gåver som utan tvil er kjærkomne og motiverande for det viktige arbeidet vidare.

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Preiketekst
07/06/2026	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Soknets misjonsprosjekt (Mali, Normisjon)	Matt 3,11-12
14/06/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens SOS i Norge	Luk 14,15-24
14/06/2026	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Luk 14,15-24
14/06/2026	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Soknets misjonsprosjekt (Mali, Normisjon)	Luk 14,15-24
21/06/2026	Ølen kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Mark 10,17-27
21/06/2026	Vikebygd, parken	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 10,17-27
28/06/2026	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 7,15-20
05/07/2026	Vikebygd kyrkje	11:00	Song & musikkgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjemusikalsk arbeid,	Luk 5,1-11
12/07/2026	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 15,1-10
19/07/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 6,19-24
26/07/2026	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 11,28-30
26/07/2026	Imsland kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 11,28-30
02/08/2026	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Stefanusaliansen	Luk 5,27-32
09/08/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens SOS i Norge	Matt 23,37-39
09/08/2026	Vikedal kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 23,37-39
16/08/2026	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Blå Kors i Norge	Matt 6,24-34
16/08/2026	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 6,24-34
16/08/2026	Ølen kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 6,24-34
23/08/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	Matt 25,14-30
30/08/2026	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	Matt 20,1-16
30/08/2026	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 20,1-16
06/09/2026	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, konfirmantprestentasjon, Takkoffer	Matt 5,38-48
06/09/2026	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 5,38-48
06/09/2026	Bjoa kyrkje	16:00	Gudsteneste, konfirmantprestentasjon, Takkoffer	Matt 5,38-48
13/09/2026	Imsland kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer; Konfirmantpresentasjon	Mark 7,31-37
13/09/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Lokal trusopplæring, konfirmantpresentasjon	Mark 7,31-37
13/09/2026	Vats kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer: Lokal trusopplæring	Mark 7,31-37
20/09/2026	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Joh 11,17-29 og 30-46
20/09/2026	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Lokal trusopplæring	Joh 11,17-29 og 30-46

Eitt kyrkjeleg fellesråd for Tysvær og Vindafjord?

Av Steinar Sørhus, leiar i Vindafjord kyrkjelege fellesråd

Som skrive om tidlegare i Hyrdingen, hadde dei kyrkjelege fellesråda for Bokn, Etne, Tysvær og Vindafjord motteke kr 250.000 frå Kyrkjerådet i Oslo til å utgreia samanslåing eller ulikt samarbeid mellom kyrkjene i regionen. Dette arbeidet har gått vidare, og etter kvart har Tysvær og Vindafjord fellesråd greia ut om ein skal gå saman i eit felles kyrkjeleg fellesråd for desse to kommunane.

Målet frå Kyrkjerådet er å stimulera til organisasjonsutvikling gjennom meir lokalt samarbeid, der relativt små fellesråd kan gå saman med tanke på å verta meir profesjonelle og organisera arbeidet på ein god og effektiv måte. Dette vil særleg gjelda det administrative arbeidet på kyrkjekontora. Her er i dag små ressursar med ei kyrkjeverjestilling og ei deltids kontorstilling i kvar av kommunane. Dette gjer også arbeidet sårbart ved t.d. sjukdom. Arbeidet i sokna vil i liten grad verta påverka, men samarbeid mellom tilsette vil kunna bli styrka. Særskilde kommunale tilskott som gjeld berre i ein av kommunane, skal framleis brukast der. Sokneråda vil ha sine oppgåver som før, men samla fellesråd vil bli større enn det er i dag. Det blir lik representasjon frå kvar av kommunane.

Arbeidet er no kome så langt at ein i løpet av sommaren 2026, må ta stilling til om desse to fellesråda skal slå seg saman frå 2027. Dersom fellesråda både i Tysvær og Vindafjord i sine møte i månadsskifte mai/juni tilrår å slå fellesråda saman, vil saka verta sendt på høyring og uttale frå dei ulike sokneråda for endeleg vedtak i september. Kyrkjerådet har no også løyvd kr 400.000 til vidare prosess til hausten, dersom det vert vedteke å gå vidare med prosjektet.